



MØTEPROTOKOLL

Utval: Utvalet for oppvekst og omsorg
Møtedato: 19.10.2010
Møtetid: 15:00 - 17.35
Møtestad: Kommunehuset

Av x medlemmer møtte x, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte ikkje:	I staden møtte:
Liv Berit Befring	Heidi Gjerde

Andre som var til stades på møtet:

Pedagogisk konsulent Karin Steinsland
Norconsult v/Harald Høgh under sak 24/10
Ass.rådmann Hilde-Lill Våge

Merknader:

Utvalet sitt kvarter:	Eva Hellevang stilte spørsmål om det var mogleg om å få til felles prosjekt der eldre og ungdom har felles møteplass. Spørsmålet vert lagt fram for dei ulike einingsleiarane. Kristian Jørgensen orienterte om sin reaksjon på lesarinnlegg i Samningen den 14.10.10, frå Monica Tjønna. Han stilte spørsmål om oppvekst og omsorg kunne godta dette som arbeidsgjevar og som ansvarleg for tenestetilbodet i PLO. OO slutta seg til dette og ønska å senda ei helsing til Grete Lill Hjartnes og bad om at saka vert teken opp i administrasjonsutvalet.
Spørsmål/interpellasjonar:	
Dokument utlevert i møtet:	Invitasjon til 20-årsjubeleum i Nordbygda barnehage, den 05.11.10.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 28.10.2010

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
022/10	10/529	Faste saker	
023/10	10/518	Rettleiande satsar/retningsliner, økonomisk sosial hjelp	
024/10	10/527	Høyring - byggjeprogram utbygging Samnanger barneskule	

SAKNR. 022/10
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Protokollen frå førre møte vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

19.10.2010 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Pedagogisk konsulent orienterte om rapport til Fredskorpset.

Utvalet sitt kvarter:

- Eva Hellevang stilte spørsmål om det var mogleg om å få til felles prosjekt der eldre og ungdom har felles møteplass. Spørsmålet vert lagt fram for dei ulike einingsleiarane.
- Kristian Jørgensen orienterte om sin reaksjon på lesarinnlegg i Samningen den 14.10.10, frå Monica Tjønnå. Han stilte spørsmål om oppvekst og omsorg kunne godta dette som arbeidsgjevar og som ansvarleg for tenestetilbodet i PLO. OO slutta seg til dette og ønska å senda ei helsing til Grete Lill Hjartnes og bad om at saka vert teken opp i administrasjonsutvalet.

OO-022/10 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 023/10

RETTLEIANDE SATSAR/RETNINGSLINER, ØKONOMISK SOSIAL HJELP

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka skal avgjerast av kommunestyret og vert lagt fram utan tilråding.

19.10.2010 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Eva Hellevang sette fram følgjande framlegg: "Barnetrygda skal ikkje takast med i inntektsgrunnlaget for utmåling/tilståing av sosialhjelpa."

Kristian Jørgensen sette fram følgjande framlegg: "Barnetrygda blir rekna med i inntektsgrunnlaget for sosialhjelp. Når det gjeld ekstra barnetrygd til einslege forsyttarar blir denne halden utanfor inntektsgrunnlaget."

Det vart røysta alternativ over framlegga. Hellevang sitt framlegg fekk 4 røyster og vart vedteke medan Jørgensen sitt fekk 3 røyster.

Utvalet slutta seg til satsane med det vedteke framlegget.

OO-023/10 VEDTAK:

Satsar/retningslinjer, økonomisk sosialhjelp vert vedteke slik det ligg føre med følgjande presisering: Barnetrygda skal ikkje takast med i inntektsgrunnlaget for utmåling/tilståing av sosialhjelpa.

SAKNR. 024/10

HØYRING - BYGGJEPROGRAM UTBYGGING SAMNANGER BARNESKULE

19.10.2010 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Utvalet drøfta byggjeprogrammet og høyringsprosessen. Utvalet handsamar høyringane før byggjeprogrammet vert sendt til kommunestyrehandsaming den 16.12.10.

Kristian Jørgensen sette fram følgjande framlegg:” Byggjeprogrammet for Samnanger barneskule , datert 08.10.10, vert lagt ut til høyring. Høyringsfristen er sett til 15.11.10. Samrøystes vedteke.

OO-024/10 VEDTAK:

Byggjeprogrammet for Samnanger barneskule , datert 08.10.10, vert lagt ut til høyring. Høyringsfristen er sett til 15.11.10.

